

Stopp sentraliseringa av helsetenester i Sogn og Nordfjord

Vestland SV ber Stortinget sikra at nedbygginga av sjukehusa i Lærdal og på Nordfjordeid blir stoppa. Helse- og omsorgsministeren må nytta §30 i helseføretakslova for å stoppa denne sentraliseringa, som er i strid med grunnleggjande politiske mål for helsetenesta i Noreg. Helseministeren lova at Lærdal sjukehus ikkje skulle byggjast ned, men utviklast, på eit folkemøte i Lærdal der 1500 møtte opp.

Sogne-regionen er eitt av landets fremste turistmål, har levande landbruk og industri, og her er også verdas lengste biltunnel med svært stor gjennomgangstrafikk. Fjord og fjell gjer regionen ekstra utsett for konsekvensane av forverra klima, med rasfare, storm, flaum osv. Ei nedbygging av lokalsjukehuset her, skaper stor utryggleik for alle innbyggjarar. I totalberedskapsåret må beredskapen utviklast, ikkje avviklast.

Sjukehus er ikkje berre helseinstitusjonar. Lokalsjukehus er også samfunnsinstitusjonar. Dei skal fungera som ankerarbeidsplassar for høgt utdanna arbeidskraft, rekrutteringsgrunnlag for fastlegar, stabiliserande faktor for lokalsamfunna, sentrale aktørar i beredskap og krisehandtering.

Når lokalsjukehus vert svekte eller mister funksjonar, får det konsekvensar langt utover helsefeltet. Det påverkar busetting, kommuneøkonomi, rekruttering til andre velferdstenester og regional utvikling. Sentralisering i helsesektoren fungerer dermed som ein indirekte motor for urban konsentrasjon, uavhengig av formell distriktspolitikk.

Vestland SV ber Stortinget sikra at nedbygginga blir stoppa og sjå til at det blir stilt midlar til rådvelde for å sikra dette.